

Innkalling

Utval	Fjord kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Fjord Rådhus Valldal
Dato	05.06.2023
Tidspunkt	kl 10:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/23 Revisorbrev nr. 01 for Fjord kommune
- PS 10/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 Fjord kommune

Ålesund, 29.05.2023

Jonas Falch
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/23	Fjord kontrollutval	05.06.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Møteprotokoll

Utval	Fjord kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Fjord rådhus
Dato	13.02.2023
Tidspunkt	kl 10:00 - 11:10

Følgjande medlemmer møtte

Gudmund Relling

Jonas Falch

Nina Beate Grøndahl

Solveig Linge Stakkestad

Tanja Mathiesen

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte økonomisjef Arne Krohn og kommunedirektør Karl Andre Birkhol.

Frå Møre og Romsdal Kommunerevisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Ordførar Eva Hove deltok på heile møte.

Jonas Falch
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/23 Orienteringar
- OS 01/23 Orientering om feil lønsutbetaling
- PS 03/23 Meldingar
- MS 01/23 Budsjettvedtak 2023 Fjord kommunestyre - kontrollarbeid.
- MS 02/23 Vedtak frå Fjord kommunestyre - oppfølging av eigarskapskontroll
- PS 04/23 Rapport etter interimrevisjon 2022 Fjord kommune
- PS 05/23 Årsmelding Fjord kontrollutval 2022
- PS 06/23 Oppdatert møteplan Fjord kontrollutval 2023

PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik det ligg føre.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik det ligg føre.

PS 02/23 Orienteringar

OS 01/23 Orientering om feil lønsutbetaling

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Økonomisjef Arne Krohn gav kontrollutvalet ei grundig orientering om årsaka til avvik/feil i lønsutbetaling. Dette gjaldt på området forskoven arbeidstid og var grunna i feil koding i HMS systemet. Dette gjeld fleire samanslåing kommunar og Kristiansand har utarbeidd ein rapport som prøver å forklare årsaka. Avviket er også diskutert med systemleverandør Visma for å unngå slike feil i framtida. Kommunerevisjonen har vore informert om hendinga. Det vart og påpeika av kontrollutvalet at denne type hendingar må kommuniserast tydeleg frå kommunerevisjonen til kontrollutvalet i framtida.

FKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 03/23 Meldingar

MS 01/23 Budsjettvedtak 2023 Fjord kommunestyre - kontrollarbeid.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/23 Vedtak frå Fjord kommunestyre - oppfølging av eigarskapskontroll

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 04/23 Rapport etter interimrevisjon 2022 Fjord kommune

Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2022 frå Møre og Romsdal RevisjonSA til vitande.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 04/23 vedtak

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2022 frå Møre og Romsdal RevisjonSA til vitande.

PS 05/23 Årsmelding Fjord kontrollutval 2022

Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 05/23 vedtak

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

PS 06/23 Oppdatert møteplan Fjord kontrollutval 2023

Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval vedtek følgande datoer for møter i 2023:

- Måndag 17. april kl. 10.00
- Måndag 22. mai kl. 10.00
- Måndag 4. september kl. 10.00
- Måndag 13. november kl. 10.00

Møtestad er rådhuset i Valldalen.

Fjord kontrollutval 13.02.2023

Behandling

Samrøystes votering.

FKU - 06/23 vedtak

Fjord kontrollutval vedtek følgande datoer for møter i 2023:

- Måndag 17. april kl. 10.00
- Måndag 22. mai kl. 10.00
- Måndag 4. september kl. 10.00
- Måndag 13. november kl. 10.00

Møtestad er rådhuset i Valldalen.

Saksframlegg

Saksnr. Utval Møtedato
PS 09/23 Fjord kontrollutval 05.06.2023

Revisorbrev nr. 01 for Fjord kommune

Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tek det nummererte brevet frå kommunerevisjonen til vitande. Kontrollutvalet forutset at administrasjonen følger opp dei punkta som blir nemnd i brevet og bed om at dette blir rapportert tilbake til kontrollutvalet innan utgangen av 2023.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skriftleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Normalt vil det vere kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følgje opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp. Når det gjeld kommunale foretak så vil det vere styret ved dagleg leiar som har ansvar for å følgje opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit revisorbrev (nummerert brev) nr. 1 datert 26. mai 2023, knytt til to høve:

1. Årsrekneskapen 2022 er avlagt etter fristen som er satt i kommunelova.
2. Avvik på kapitalkonto som og er påpeika tidlegare.

Revisor kan i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og grunngjevinga for revisor sitt nummererte brev.

Kommunedirektør og økonomisjef er invitert til møte i kontrollutvalet 5. juni 2023 og vil kunne gje sitt syn på saka og om dei har sett i verk tiltak som endrar det omtalte høvet.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og administrasjonen, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det. Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet no vert retta opp.

Vedlegg

Nummerert brev nr 1 2022 Fjord Kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalet i Fjord kommune

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektør

REVISJONSBREV NR. 1 - 2022

Vi har avslutta revisjonen av årsrekneskapen for 2022. I forbindelse med revisjonen har vi hatt nær kontakt med administrasjonen under hele prosessen, og forhold er avklart løypande.

Vi vil kommentere forholda som er tatt opp i revisjonsberetning av 26. mai 2023 som omhandlar andre forhold som for seint avlagt årsregnskap og ikkje retta avvik på kapitalkonto.

Vi minner om at det er kommunedirektøren som er ansvarleg for at forholdet rettes og løypande sikrar etterleving av gjeldande lover og regler.

Andre forhold - Årsrekneskapen avlagt etter fristen og ikkje retta kapitalkonto


På bakgrunn av for seint avlagt årsreknskap vart det laga ei foreløpig revisjonsberetning den 17. april 2023. Dette forholdet har vært gjentakande dei siste åra. Vi ber om at det heretter blir brukt tilstrekkeleg med ressursar til å få avlagt årsrekneskapen innan lovens fristar.

Kommunens kapitalkonto har eit avvik på kr 8 361 958 pr 31.12.2022. Dette avviket har vært kommentert i vår årsrapport og anna kommunikasjon med kommunen tidlegare. Vi ber om at avviket blir korrigert i 2023.

Avslutningsvis minner vi også om at dette brevet må oppbevarast i samsvar med oppbevaringsreglene i bokføringsloven § 13.

Molde, 26. mai 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Ronny Rishaug
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 10/23	Fjord kontrollutval	05.06.2023

Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 Fjord kommune

Sekretariatet si tilråding:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande til Fjord kommunestyre:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Fjord kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 5. juni 2023 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Fjord kommune som er lagt fram av kommunedirektøren 30. april 2023 og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 26. mai 2023.

Kommunen har i 2022 eit netto negativt driftsresultat på minus 15 298 101 kr og eit meirforbruk på 6 795 197 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga peika på to høve som og er sendt kontrollutvalet i eit nummerert brev. Desse høva er og forklart nærare av kommunerevisjonen i "Rapport etter årsoppgjer 2022" som ligg ved saka.

Dette gjelder brot på frist for levering av årsrekneskap/årsmelding 2022 og avvik på kapitalkonto. Desse punkta vil kontrollutvalet følgje opp i eiga sak. Utover desse punkta meiner revisor at årsrekneskapen 2022 oppfyller lovkrava og gir ei dekkande framstilling og er ført i tråd med god kommunal rekneskapskikk og i samsvar med kommunelova.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbygarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Konklusjon

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2022 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året.

Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale.

Kontrollutvalet bør merke seg dei momenta som blir framheva i "Rapport etter årsoppgjeret 2022" (vedlagt). Rapporten blir gått gjennom av revisor på kontrollutvalet sitt møte 5. juni 2023. Her tydeleggjer revisor fleire områder som kommunen bør forbetre i framtida. Nærare om dette på side 4 (oppsummering av frå områda) i rapporten frå oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug.

Kontrollutvalet merkar seg at årsrekneskap og årsmelding 2022 ikkje var levert innan gjeldande fristar og at revisor difor gav ei førebels revisjonsmelding datert 17.april 2023. Denne vart trekt tilbake og erstatta med den endelege revisjonsmeldinga datert 26. mai 2023.

Konsekvensane av dette blei knappe tidsmarginar og at det difor vart svært krevjande å ivareta forsvarleg saksutgreiing jf kommunelova § 23-7 andre ledd, knytt til den uttalen kontrollutvalet skal gje.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Vedlegg

Revisjonsmelding 2022 - Fjord kommune

Oppsummering etter årsoppgjer 2022- Fjord kommune

Årsrekneskap 2022 - Fjord kommune

Årsmelding 2022 - Fjord kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kommunestyret i Fjord Kommune	Kopi: Kontrollutvalet Formannskapet Kommunedirektøren
--	--

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Fjord kommune som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 15 298 101 og eit meirforbruk på kr 6 795 198.

Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne dato i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerheit, knytt til Fjord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter knytt til utsegn om budsjettavvik

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.


Andre forhold

Denne meldinga erstattar tidlegare gitte melding, datert 17. april 2023, som blei gitt ved utløpet av forskrifta sin frist for å gje ei revisjonsmelding. Kommunedirektøren hadde ikkje avlagt årsrekneskap og årsmelding for Fjord kommune for rekneskapsåret 2022 innan fristane som følger av kommunelova som er 22. februar og 31. mars. Dette forholdet har vært gjentakande dei siste åra. Vi ber om at det heretter blir brukt tilstrekkeleg med ressursar til å få avlagt årsrekneskapen innan lovens fristar.

Kommunens kapitalkonto har eit avvik på kr 8 361 958 pr 31.12.2022. Dette avviket har vært kommentert i vår årsrapport og anna kommunikasjon med kommunen tidlegare. Vi ber om at avviket blir korrigert i 2023.

Molde, 26. mai 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Ronny Rishaug
oppdragsansvarlig revisor

Rapport etter årsoppgjer 2022

FJORD KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 5. JUNI 2023

MØTE MED ADMINISTRASJONEN 26. MAI 2023

Innhold

1.	Innleiing	3
2.	Oppsummering frå områdene	4
3.	Identifiserte risiko frå 2021 og oppfølging	6
4.	Oppsummerte funn etter årsoppgjeret	
4.1	Listeførte feil	8
4.2	Regnskapsrapportering	9
4.2.1	Forenkla etterlevingskontroll - budsjettavvik	12
4.3	Overføringsområdet	13
4.4	Lønsområdet	15
4.5	Innkjøp	18
4.6	Driftsmiddel	20
4.7	Finans	22
4.8	Sal	24
5.	Særattestasjonar	25
6.	Avslutning	26

Innleiing

- ▶ Revisjonen av Fjord kommunes årsoppgjer for 2022 ble avslutta den 26. mai 2023, og revisjonsberetninga ble signert same dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2022 var ei «normalberetning», som inneber at revisjonen ikkje har avdekket og påvist vesentlege feil og manglar i kommunens rapportering. Men vi har nokon kommentarar under andre forhold. Desse forholda har vi teke inn i eit nummerert brev nr 1 til Fjord kommune.
 - ▶ På bakgrunn av for seint avlagt årsrekneskap vart det laga ei foreløpig revisjonsberetning den 17. april 2023. Dette forholdet har vært gjentakande dei siste åra. Vi ber om at det heretter blir brukt tilstrekkeleg med ressursar til å få avlagt årsrekneskapen innan lovens fristar.
 - ▶ Kommunens kapitalkonto har eit avvik på kr 8 361 958 pr 31.12.2022. Dette avviket har vært kommentert i vår årsrapport og anna kommunikasjon med kommunen tidlegare. Vi ber om at avviket blir korrigert i 2023.
- ▶ Sjølv om vi i 2022 gjev ei normalberetning, er det enkelte forhold vi ser på som forbetningsområder for kommunen. Denne informasjonen kan være hensiktsmessig informasjon for kontrollutvalet, og gis i denne rapporten.

Oppsummering frå områda 2022

Områder	Anbefalingar og funn
Rekneskapsrapportering	<ul style="list-style-type: none">Budsjett: Rutine for å oppdatere budsjettet etter kommunestyrevedtakNote 12: Manglar oppføring av opplysningar om garanti til ÅRIM AS
Overføringsområdet	<ul style="list-style-type: none">Ingen vesentlege feil er avdekt.
Lønsområdet	<ul style="list-style-type: none">Det er forbettringspotensiale rundt innføring av leiingskontrollerte lønningslister.Revisjonen har kommunisert viktigheita av denne kontrollen.Avstemming refusjonar er om lag i mål
Innkjøpsområdet	<ul style="list-style-type: none">Av og til manglar bilag. Her må rutinane verte betre slik at det alltid ligg ved nødvendig dokumentasjon på posteringane.
Driftsmiddelsområdet	<ul style="list-style-type: none">Skille investering vs drift: Revisjonen har kommunisert behov for at dokumentasjonen angir grunngjeving for val av investering vs drift der det er gråsoner. Reasfaltering er eksempel på utgifter som kan tilhøre drift.

Oppsummering frå områda 2022 forts

5

Områder

Anbefalingar og funn

Finansområdet

- Kapitalkonto – Tas opp i nummerert brev. Bør korrigerast i 2023
- Interimskonto bank – Bør vere rein interimskonto bank og ikkje innehalde øvrige periodiseringar
- Bankavstemmingar – Vurdere å utvide denne til alle bankkonti og interimskonto bank
- Tilskot/ bunde fond – Tilrår ei samla oversikt med tilskotsdato, formål og rapporteringsfrist.

Salsområdet

- Totalavstemming av bokført sal mot innberetta bør innførast.

Identifiserte risiko 2021 - Oppfølging

Identifiserte risiko 2021	Vurdering etter årsoppgjer 2022
<ul style="list-style-type: none"> Ferdigstilling av styringsdokument. (Økonomireglement, innkjøpsreglement og finansreglement) 	Økonomireglement (inkl. innkjøpsreglement) og Finansreglement vedtatt i kommunestyret 27.10.2022
<ul style="list-style-type: none"> Premisser frå kommunestyret må verte klårare i budsjett og i kommentarane til årsmeldinga 	Tatt opp i møte med kommunedirektør og økonomiavdelinga. Kan framleis verte betre.
<ul style="list-style-type: none"> Forbetring av rutinar knytt til avstemming av bundne fond. 	Avstemmingsmappe 2022 viste samla teknisk avstemming – ikkje vurderingar
<ul style="list-style-type: none"> Forbetring av rutinar knytt til avstemming av ordinær meirverdiavgift 	Totalavstemming av bokført sal mot innberetta bør innførast.
<ul style="list-style-type: none"> Avvik i innberetning av refusjonar frå NAV 	Det er i 2022 gjort et omfattande avstemmingsarbeid refusjonar. No står att berre et mindre avvik
<ul style="list-style-type: none"> Avvik mellom hovudbok og anleggsmodul 	Tidlegare års avvik er korrigert. Pr 31.12.22 er det samsvar mellom hovudbok og anleggsmodul.

Identifiserte risiko 2021 - Oppfølging

Identifiserte risiko 2021	Vurdering etter årsoppgjer 2022
<ul style="list-style-type: none">Forbedring av rutinar for å leggje ved dokumentasjon på bilag i Visma, dette knytt til tilsegn både til og frå kommunen, knytt til bruk av fond og periodiseringsposter	Rutinar knytt til dokumentasjon av bruk av fond er betra i 2022. Det er enno manglar i forhold til dokumentasjon på enkelte poster
<ul style="list-style-type: none">Feilklassifisering av kundefordringar	Andre kortsiktige fordringar feilaktig klassifisert som kundefordringar
<ul style="list-style-type: none">Avvik på kapitalkonto	Tatt opp under interim. Arbeid med å finne årsak påbegynt. Fremdeles avvik. Tas inn i nummerert brev til kommunen.

Listeførte feil i 2022

År	Beskrivelse	Beløp	Verknad på reknekapen	Klassifisering	Område
2022	Lisensavgifter 2023 kostnadsført i 2022	420 998	Driftsresultatet er 420 998 for lavt	Faktisk feil	Innkjøpsområdet

Revisjonstilnærming - Rekneskapsrapportering

Rekneskapsrapportering

Angrepvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko knytt til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt rekneskap
- Årsoppgjersdisponeringar/avslutning og strykingar
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarleg over tid! Alltid risiko for feil i forbindelse med framlegging av rekneskapan, fleire **manuelle posteringar og lite rutinemessig arbeid.**

Test av kontroller (interim): (Kommunens interne kontroll)

- Test av leiingskontrollar: Tertialrapportering til kommunestyret – Bør involvere einingane nærare.
- Test av generelle IT-kontroller – Fått bekrefta at det ikkje er endringar frå eSunnmøre enno. Testa fullmakter i Visma for nyttilsette og slutta utan merknader
- Sjå til at økonomireglement vert utarbeidd for kommunen – Vedtatt 27.10.22
- Sjå til at innkjøpsreglement vert utarbeidd for kommunen – Inkl. i økonomireglement
- Sjå til at finansreglement vert utarbeidd av kommunen – Vedtatt 27.10.22
- Vurder premisser i budsjett for 2022 – Kan verte betre
- Oppdaterte budsjettdokument, oppdatert etter endring i kommunestyret – ikkje på plass enno. Viktig å huske at det er årlege budsjett også for investering

Revisjonstilnærming - Rekneskapsrapportering

Rekneskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko knytt til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt rekneskap
- Årsoppgjersdisponeringar/avslutning og strykingar
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Substanshandlingar: (Kontroll av fakta mot dokumentasjon) Årsoppgjeret

- Kontroll av årsoppgjersdisponeringar
- Regnskapsoversikter hegn saman – Ikkje avvik etter korreksjonar
- Viktig med gode rutinar for å oppdatere budsjettet og at det er riktig med kommunestyret sine vedtak – Avvik funnet.
- Opprinneleg budsjett investering er inkludert overførte midlar frå prosjekt i 2021 – Avvik, skal berre vere kommunestyret sitt opprinnelege vedtak.
- Årsmelding: Avstemming av kretsløp er føretatt (Eigenkapital, arbeidskapital og anleggsmidlar/langsiktig gjeld)
- Notar: Manglande registrering av garanti til ÅRIM AS i note 12, gjeld maksimalt garanti for 1,6 mill. kroner. Uvesentleg avvik.
- Kapitalkonto - Kommunen er ikkje heilt i mål med vurdering av kapitalkontoen. Ikkje korrigerert i 2022.
- Budsjettkontroll
- Avsluttande analytiske kontroll – Ingen ny risikopunkt avdekt.
- Kontroll av årsmelding – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik. Meir oversiktleg om avviksforklaring i drift (skjema § 5-4 2. ledd) hadde tatt utgangspunkt i budsjettet nivå (sektor). Kunne òg vert meir utfyllande om likestilling – Ikkje vesentleg avvik.

Regnskapsrapportering

Nøkkeltall

Litt om utvikling i bruk/avsetning disposisjonsfond, lånegjeld, renter og avdrag. Viser også utviklingen i brutto driftsinntekter for at en kan se dette i sammenheng.

Tall i hele tusen	2020	2021	2022
Netto bruk (-) /avsetning (+) disp.fond	358	-2 664	0
Disp fond	751 746	0	0
Udekka merforbruk	0	3 973	10 768
Lånegjeld	424 972	425 147	472 929
Låneavdrag	17 647	16 685	16 711
Rentekostnader	6 814	5 413	10 340
Brto driftsinntekter	335 122	341 393	379 211

Vi ser at kommunen har tømt disposisjonsfondet, og har et udekka merforbruk på 10,8 MNOK. Dette utgjør 2,84 % av brutto driftsinntekter. Grensen for at kommunen blir innmeldt i ROBEK er 3 %. (KL § 28-1 bokstav d.)

Årets negative netto driftsresultat utgjør 15,3 MNOK utgjør – 4,0 % av brutto driftsinntekter, noe som er godt under TBU sine måltall på 1,75 %

Kommunens netto lånegjeld, eks utlån utgjør 381,5 MNOK. Dette er 100,6 % av brutto driftsinntekter. TBU mål her er 75%. Kommunen har høy lånegjeld. Netto finansutgifter utgjør 19,5 MNOK eller 5,2 % av brto. driftsinntekter.

Forenklet etterlevelseskontroll av budsjettavvik (premissavvik)

Uttale om budsjettavvik er ein egen del i revisjonsberetninga.

Vi gjev ein normal uttale (moderat sikkerheit) om forklaring av vesentlege budsjettavvik:

«Basert på de utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetninga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Kommunen kan med fordel ta utgangspunkt i det nivået som det vert budsjettert på ved avviksforklaring, gjeld spesielt for forskriftsskjema § 5-4 2. ledd.

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knytt til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskot (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Egedomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskot frå staten (drift)
- Overføring og tilskot frå andre (drift)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskot til andre (drift)

Overføringsinntekter består hovudsakeleg av overføringer frå staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Egedomsskatt kontrollerast analytisk mot årets forventning, tidlegare års rekneskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrollerast mot dokumentasjon frå tilskotsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrollerast i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med samanlikning mot budsjett og tidlegare år.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll om tilsegn ligger ved – substanskontrollar i årsoppgjeret
- Kontroll at vedtak ligger ved – substanskontrollar i årsoppgjeret
- Rutinar er etterspurt fleire gonger, enno ikkje mottatt.

Substanshandlinger:

- **Totalavstemming** av rammetilskot og inntekts- og formuesskatt - Årsoppgjer
- Analytisk kontroll av egedomsskatt- årsoppgjer

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knytt til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskot (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Egedomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskot fra staten (drift)
- Overføring og tilskot fra andre (drift)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskot til andre (drift)

- **Detaljtesting** av andre overføringsinntekter - årsoppgjer
- Analyser/detaljtester av overføringsutgifter – Plananalyse gjennomført, ikke endra risiko
- Særattestasjonar på enkelte tilskot → «Barnas supersommen», «Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten» og «bredbåndsutbygging»

Oppsummering/anbefalingar

Ingen vesentlige feil er avdekket.

Revisjonstilnærming - Lønskostnad

Lønnsområdet

Angrepvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Lønskostnader (fast og variabel)
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Fast lønn: Rutinemessige månedlige beløp.

Variabel lønn: Meir komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.)

Det er i 2022 avdekket feil bruk av satsar på variabel lønn (egen orientering)

Revisjonen understrekar igjen viktigheita av lederattesterte lønningslister

Test av kontroller/kartlegge rutinar/kontroller(interim):

- Kontroll attestasjon og tilvising av timer: under arbeid
- Kontroll attestasjon og tilvising av reiserekningar – her under manuelle reiserekningar/utgiftsrefusjonar: under arbeid
- Arbeidet med avstemmingar refusjonar NAV er utført. Det er gjort totalavstemming under årsoppgjer. Berre et mindre avvik står att.
- Kontroll rutinar nytilsette og personale som slutte/endrar stilling: kontroll utført utan merknader
- **Anbefaler innføring av etterkontrollerte, signerte lønningslister**

Revisjonstilnærming - Lønskostnad

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Lønskostnader (fast og variabel)
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Substanshandlinger:

- Innhente/kartlegge dokumentasjon og avstemmingar.
- Analytiske kontroller
- Kontroll ansiennitetsopprykk: ingen feil funnet på utvalte tilsette
- Kontroll av pensjonsknytning nytilsette/køyring av kontrollrapport: to feil avdekket. Betring i rutinar er innført
- Gjennomgang av **kontrolloppstilling** (RF 1022) og dei andre innberetningar og avstemmingar på lønnsområdet – her under feriepengar, skattetrekk, arbeidsgivaravgift og sjukepengerefusjonar
- Gjennomgang av **pensjonskostnad** med tilhøyrande balanseposter
- Krav på sjukelønsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl vurdering av realisme av krav

Revisjonstilnærming - Lønskostnad

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Lønskostnader (fast og variabel)
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Oppsummering/anbefalinger

- Innføring av etterkontrollerte, signerte lønningslister
- Ajourføring/oppfølging av oppdaterte rutiner for kontroll av innføring pensjonstilknytning, refusjoner sykelønn
- Ajourføring/oppfølging av oppdaterte rutiner for kontroll av variable satser
- Kontrollrutiner godkjenning variabel lønn (timer og reiserekninga): Kontroll attestasjon og tilvising, rutiner og mulighet for etterkontroll

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøpsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Kjøp av varer og tenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Anna kortsiktig gjeld (bal)

Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av **rutinemessige løpende transaksjoner**. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngående faktura. Fakturaene behandlast på mange ulike einingar med varierende forståing av kontrollrutinen.

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og tilvising – ikkje avvik

Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Løpande kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på mva-kompensasjonsoppgåvene. – Ikkje vesentlige avvik, men noen faktura mangler i dokumentasjonen
- Periodisering (her under etterberegning av anslagsposterings)

Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlege gjeldspostar
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av anna kortsiktig gjeld

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøpsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Kjøp av varer og tenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Anna kortsiktig gjeld (bal)

Oppsummering/anbefalinger

- Noen faktura mangler i dokumentasjonen: faktura eller tilsvarende dokumentasjon skal alltid vedlegges

Revisjonstilnærming - Investeringar

Driftsmiddelområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko knytt til:

- Investeringar i varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot til andre sine investeringar (investering)
- Sal av varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot frå andre (investering)
- Avskrivningar/motpost avskrivningar (drift)
- Bruk av lån/lovleg finansiering (investering)
- Skille mellom drift og investering

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og tilvising – ikkje avvik
- Kontroll rutinar rundt oversikt bygg, bruk av bygg og eventuelt endring i bruk

Substanshandlingar:

- Oppfølging av dei største investeringsprosjekta - pr interim
- Avstemme anleggskartotek mot hovudbok
- Vurdering av levetid/avskrivningstid inkl. dekomponering
- Vurdere vesentlege tilgangar opp mot KRS 4 (skilje drift/investering - interim)
- Løpande kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgåvene

Revisjonstilnærming - Investeringar

Driftsmiddelområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko knytt til:

- Investeringar i varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot til andre sine investeringar (investering)
- Sal av varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot frå andre (investering)
- Avskrivningar/motpost avskrivningar (drift)
- Bruk av lån/lovleg finansiering (investering)
- Skille mellom drift og investering

Oppsummering/anbefalingar

- Skille investering vs drift: Revisjonen har kommunisert behov for at dokumentasjonen angir grunngjeving for val av investering vs drift der det er gråsoner. Reasfaltering er eksempel på utgifter som kan tilhøre drift.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar (drift)
- Investering i aksjar og partar (inv)
- Sal av finansielle anleggsmidlar (inv)
- Utlån av egne midlar (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling frå selskap (inv)

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming – Ikkje avvik. Kommunen bør vurdere å utvide denne til fleire konti.
- Dobbelt godkjenning av betalingstransaksjonar – ikkje avvik
- Finansrapportering - gjennomført for 1. og 2. tertial.

Substanshandlinger:

- På sjå at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne stadfesting (bank, rente, aksjar, utbytte etc.) Vurdere verdsetting, klassifisering og avkastning. – Kontrollert utan vesentlege avvik
- Kontrollere vesentlege tilgang/avgang av aksjar – Kontrollert utan vesentlege avvik
- På sjå at gjeld og utlån er i samsvar til eksterne stadfestingar – Kontrollert utan vesentlege avvik
- På sjå at avstemmingar av kretsløp heng saman (her under kapitalkonto)
- Oppfølging avvik kapitalkonto – Arbeidet er påbegynt av kommunen, men retting ikkje gjennomført i 2022.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskott og kontantar
- Aksjar og partar
- Andre finansielle plasseringar
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjonar
- Anna gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidlar

Substanshandlinger (forts) Årsoppgjer:

- Etterberekning av minimumsavdrag – Vurdert interim/årsoppgjør - Ikkje avvik
- Kontrollere vesentlege bevegelsar på fondskonti – Kontrollert utan vesentlege avvik
- Etterleving av finansreglementet – Nytt reglement vedtatt 27.10.22. Vurdert – ikkje funne vesentlege avvik

Oppsummering/anbefalingar

- Kapitalkonto – Tas opp i nummerert brev. Bør korrigerast i 2023
- Interimskonto bank – Bør være rein interimskonto bank og ikkje innehalde øvrige periodiseringar
- Bankavstemmingar – Vurdere å utvide denne til alle bankkonti og interimskonto bank
- Tilskott/ bunde fond – Anbefaler ei samla oversikt med tilskottsdato, formål og rapporteringsfrist.

Revisjonstilnærming - Sal

Salsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knytt til:

- Sals- og leigeinntekter (drift)
- Sjølvkostområde
- Kundefordringar (bal)
- Andre kortsiktige fordringar (bal)
- Ordinær meirverdiavgift

Stor grad av **rutinemessige løpande transaksjonar**. Presumpsjon tilknytt risiko for misleg framferd tilbakevisast

Test av kontrollar (interim):

- Avstemming fakturering kommunale avgifter mot forsystem (ikkje vurdert enno)
- Fakturering – kontroll av satsar (ferdigstilles i verbruar)
- Rutinekartlegging - gjennomført

Substanshandlinger:

- Analytisk kontroll og/eller detaljtester – plananalyse utan økt risiko
- Bruk av reine konti - årsoppgjer

Balanseposter:

- Aldersfordelt reskontro kundefordringar/andre kortsiktige fordringar (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne stadfestingar)
- Totalavstemming av ordinær meirverdiavgift – vurderast i årsoppgjeret

Oppsummering/anbefalingar

Totalavstemming av bokført sal mot innberetta bør innførast.

Særattestasjoner og undersøkelser gjennomført i 2022

- Meirverdiavgifts-kompensasjonsoppgåver - 6 seminarar
- Barnas Supersommer 2021 (20.04.2022)
- Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten (31.08.2022)
- Finansreglement og rutinar (27.09.22)
- Bredbåndsutbygging (23.11.22)
- Stordal Idrettslag klubbhus Kirkebø stadion (27.03.2023)
- Styrking av helsestasjons- og skolehelsetjenesten (11.04.2023)
- Tal psykisk utviklingshemma (02.05.23)
- Ressurskrevjande tenester (02.05.23)

Avslutning

Vi ønsker å takke administrasjonen i Fjord kommune for samarbeidet, og håper at tema som omtales i revisjonsrapporten oppfattast som konstruktive innspel i forhold til kommunens daglege arbeid med forbetring av interne kontrollrutinar, regnskapsførsel og dokumentasjon av rekneskapsinformasjon.

Vi ønsker også å takke kontrollutval og sekretariatet for god og konstruktiv dialog.



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA